



MØTEINNKALLING VALSTYRET

Møtedato: 28.03.2023
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:00 - 14:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Møtetidspunkt for valstyret framover kan avtalast i dette møtet.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
01/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
03/2023.1	TRYGGLEIK OG BEREDSKAP VED KOMMUNE - OG FYLKETSTINGSVALET 2023
04/2023	DELEGERT MYNDE FRÅ VALSTYRET

21. mars 2023

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
01/2023	Valstyret	PS	28.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagenen	FE-033	23/387

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
02/2023	Valstyret	PS	28.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/387

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 14.09.21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL VALSTYRET

Møtedato: 14.09.2021
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 17:00 - 18:30

Godkjenning av møterpotokoll for stortingsvalet 2021

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalsleiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Andre møtande:

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
16/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
17/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
18/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL - STORTINGSVALET 2021



16/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret 14.09.2021

Behandling:

Samrøystes godkjend.

VAL - sak 16/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

17/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Valstyret 14.09.2021

Behandling:

Samrøystes godkjend.

VAL - sak 17/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

18/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL - STORTINGSVALET 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen for Stortingsvalet 2021 i Vaksdal kommune vert godkjent.

Valstyret 14.09.2021

Behandling:



Vaksdal kommune

Valansvarleg Lin Tove Thomassen gjekk gjennom dei ulike delane i protokollen.
Valstyret drøfta saka.
Protokollen vart samrøystes godkjend.

VAL - sak 18/2021 Vedtak/Tilråding:

Møteprotokollen for Stortingsvalet 2021 i Vaksdal kommune vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2023	Valstyret	PS	28.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagenen	FE-033	23/387

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
03/2023.1	TRYGGLEIK OG BEREDSKAP VED KOMMUNE - OG FYLKETSTINGSVALET 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Notat

Til
Kopi til:

Saksbehandlar: Kommunedirektør/Rikke Haagensen
Vår referanse: 23/394 - 23/3367
Dato: 17.03.2023

Emne: Tryggleik og beredskap ved kommune – og fylkestingsvalet 2023.

Valgdirektoratet har stort fokus på tryggleik og beredskap ved kommune – og fylkestingsvalet. Vaksdal kommune følj rettleiar i korleis å gjennomføre sikre val i kommunar og fylkeskommunar frå Valgdiektoratet.

Lenke til Valgdirektoratet sin tryggleikssretteiar : [veileder-i-sikkerhet-v2-2.pdf \(valg.no\)](#)

Vaksdal kommune har i høve valet bestilt inn heilt nye PC'er som kun skal nyttast til valgjennomføringa.

For å begrense kven som har tilgang til valmatriellet og maskinvara i framkant av valet skal dette til einkvar tid oppbevarast i låst rom som ikkje er tilgjengeleg for andre enn valansvarlege i kommunen samt andre personar med tjenestlig behov. Valmatriellet frå tidlegare val skal ikkje nyttast i dette valet grunna at det har vore oppbevart i ein sone med lågare sikkerheit over lengre tid.

Valstyret skal sjå til at alle som jobbar med valgjennomføringa har hatt ein sikkerheitssamtale om truslar, tryggingstiltak og rutinar med sikkerheitsansvarleg i valgjennomføringa.

I framkant av valgjennomføringa skal Vaksdal kommune gjere ein risiko og sårbarheitsanalyse (ROS). Når ROS er gjennomført er det valstyret som skal avgjere om risiko og tiltak er akseptable.

Lenke til Digitaliseringsdirektoratet sine rettleiarar for ROS: [Om risiko og risikovurdering | Digdir](#)

Med helsing

Rikke Haagensen
Politisk sekreter



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2023	Valstyret	PS	28.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-010	23/392

DELEGERT MYNDE FRÅ VALSTYRET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 5-7.

Saksopplysningar:

Valstyret i Vaksdal er ansvarleg for å gjennomføre kommunestyre – og fylkestingval i Vaksdal. Etter kommunelova § 5-7 har valstyret høve til å delegere avgjerdsrett i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller leiaren av administrasjonen i kommunen. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

I Vaksdal kommune er det vald eit valstyre på 5 medlemmer frå formannskapet. Møta i valstyret blir som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere tenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i ”typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning”. Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsrett i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Døme på saker som er av prinsipiell karakter og som skal til Valstyret for behandling er:

- Å ta avgjerder om listeframlegg og tilbakekalling av listeframlegg
- Fastsetjing av ulike fristar
- Stemmestader, stemmekretsar og opningstider

- Oppteljingsmåte
- Oppnemning av stemmemottarar/stemmestyrer
- Behandling av forkasta stemmegjevingar/stemmesetlar
- Godkjenning av valet
- Behandling av evt klagar

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å leggje manntal ut til offentleg ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.